



Advokatcompagniet DA  
Postboks 483 Sentrum  
5805 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/798 - 17/8234

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

30.05.2017

## Godkjenning - GBNR 22/6 - Løyve til deling av grunneigedom - Mjåtveit

**Administrativt vedtak. Saknr: 113/2017**

**Tiltakshavar:**

Nina og Terje Eriksen

**Søknadstype:**

Søknad om deling av grunneigedom etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m).

### **SAKSUTGREIING:**

#### Tiltak:

Nina og Terje Eriksen har søkt om løyve til frådelling av ein parsell på gbnr. 22/6, jf. pbl § 20-1 bokstav m).

Den omsøkte eigedomen er matrikkelført med eit areal på om lag 43,6 daa, og Nina Helene Eriksen og Terje Gunnar Eriksen står registrert som eigarar. Det omsøkte arealet er på om lag 273 m<sup>2</sup>.

Vi viser til søknad journalført motteke 29.3.2017, signert av grunneigar den 9.5.2017.

### **VURDERING:**

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd.

#### Lov- og plangrunnlag:

Oppretting av ny grunneigedom er «tiltak» etter pbl § 1-6 og er søknadspliktig etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav m). Vidare følger det av pbl § 26-1 at «[o]pprettelse av ny grunneiendom (...), eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold i strid mot denne lov,

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

*forskrift eller plan. Opprettelse (...), må heller ikkje gjøres slik at det dannes tomter som er uegnet til bebyggelse på grunn av sin størrelse, form eller plassering etter reglene i denne lov.»*

Det omsøkte arealet er omfatta av Reguleringsplan for Mjåtveitmarka, planid: 125620060002. Deler av arealet er satt av til gangveg/gangareal/gågate, medan resten er satt av til veg. Administrasjonen føreset at arealet vil bli nytta i samsvar med regulert arealformål, og frådeling som omsøkt er difor ikkje i strid med gjeldande reguleringsplan, jf. pbl § 26-1.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-4, jf. §§ 20-2 og 20-1 bokstav m), løyve til deling av gbnr. 22/6 for oppretting av ny matrikkeleining, jf. vedlagte situasjonskart. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.*

*Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. pbl § 21-9.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Situasjonskart

**Mottakere:**

Advokatcompagniet DA

Postboks 483

5805

BERGEN

Sentrum

Terje Gunnar Eriksen

Mjåtveit 20

5918

FREKHAUG